



## MØTEBOK ULLENSVANG FJELLSTYRE

Tidspunkt: Måndag 21. januar 2019 kl. 1745-2000

Stad: Heradshuset i Kinsarvik

**Desse møtte:** Steinar Langesæter, Ragnar Ystanes, Hildegunn Espe, Jørund Kvestad, Synnøva Sæbø

Andre til stades på møtet: Steinar Lund (sekretær)

### Saker til styremøtet:

**UFS 01/19: Meldingar**

**UFS 02/19: Orientering om økonomi**

**UFS 03/19: Investeringar**

**UFS 04/19: Do på Hansbu: Drøfting om moglege løysingar**

**UFS 05/19: Fjellstyrestruktur etter ny kommunestruktur**

**UFS 06/19: Eventuelt**

Steinar Langesæter/s/

Jørund Kvestad/s/

Ragnar Ystanes/s/

Hildegunn Espe/s/

Synnøva Sæbø /s/

### Kopi til:

Fjellstyremedlemmer

Varamedlemmer

Fjellstyra på Hardangervidda as

Norges Fjellstyresamband

Fjellstyra kring Hardangervidda

Statskog

Odda kommune

Ullevang herad

Hardanger Folkeblad



## UFS 01/19: Meldingar

### Saksdokument:

### Saksutgreiing:

#### Postliste:

- 2018.11.03-145.9.Sparebankstiftinga Hardanger-Avslagsbrev
- 2018.11.14-612.2-Ullensvang fjellstyre-Fellingsrapport og sett elg-skjema 2018
- 2018.12.21-032. Ullensvang herad-Husleige for 2019
- 2018.12.19-032. Ullensvang herad-Husleige for 2017, endeleg oppgjer
- 2018.12.27-032. Ullensvang herad-Tilskot til husleige
- 2019.01.16-434.Eidfjord Røde Kors Hjelpekors-Øving på private område

### Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

### Referat:

Sekretær gjekk gjennom meldinga.

### Vedtak (sak UFS 01/19):

Styret tek meldingane til orientering.



## UFS 02/19: Orientering om økonomi

**Saksdokument:**

**Saksutgreiing:**

**Framlegg til vedtak:**

**Referat:**

Kort orientering ved sekretær.

**Vedtak (sak UFS 02/19):**

Styret til orienteringa til etterretning.

## UFS 03/19: Investeringar

**Saksdokument:**

**Saksutgreiing:**

**Innreiing naustet:**

Ein del av utstyret frå det gamle naustet kan nok brukast i det nye, men det er og naudsynt å kjøpe inn ein del nytt. Blant anna kan det med fordel kjøpast gasskomfyr i staden for gassbluss. Ein aktuell modell er Chef Pro:

<https://www.sunwind.no/product/show/?id=2391&Gasskomfyr-Chef-Pro---sort,-50-cm> som kan koplast til 12V for tenning (kokeplater og steikeomn). Prisen for denne er 4.990,-

Andre (mindre) investeringar til naustet blir gått gjennom på møtet.



### Nye båtar til Nedsta Krokavatnet

Dei to båtar som ligg i det gamla nauset fekk skadar i botnen i løpet av i fjor sommar. Den eine kan truleg reparerast, medan den andre må skiftast ut. Båtar ved Nedsta Krokavatnet blir brukt til å krysse vassdraget, og til fiske. Sidan det er tre fjellstyrehytter på Hansbu/Nedsta Krokavatnet, og båtar i tillegg blir brukt av andre til fiske, er det lite med berre to båtar. Det kan med fordel vera minst tre båtar ved nauset. Sekretær tilrår difor at det blir kjøpt inn to nye båtar, i tillegg til den eine som blir reparert.

Etter kvart som båtar må skiftast ut bør det kjøpast nye i aluminium. Aluminiumsbåtar toler meir, og er lettare å handtere.

Aktuelle båtar:

#### **Viking 440**

<https://www.finn.no/boat/forsale/ad.html?finnkode=129166821>

21.400,-

14 fot

440 cm lengde, 165 cm breidde, 70 cm djupne

Vekt 80 kg

Blir seld av Yamahatunet Voss, Bordalen

Rimeleg alternativ dersom nokon kan hente i Tønsberg:

<https://www.finn.no/boat/forsale/ad.html?finnkode=136615972>

#### **Linder 440 Fishing**

<https://www.finn.no/boat/forsale/ad.html?finnkode=127705164>

29.200,-/31.550,-

14 fot

Vekt 94 kg

#### **Linder 410 Fishing**

<https://www.finn.no/boat/forsale/ad.html?finnkode=127703797>

23.500,-/25.290,-

13 fot

Vekt 74 kg



### **AluMarine 12 fot**

<https://www.finn.no/boat/forsale/ad.html?finnkode=124771120>

14.990,-

12 fot

Vekt 52 kg

Sekretær tilrår innkjøp av Viking 440. Rauland fjellstyre brukar desse båtane, og har god erfaring med dei. Dei er stødigare enn Linder-båtane, og samtidig lettare, noko som gjer jobben med å ta båtane inn overkommeleg for ein person. Dei er og billigare enn Linder. Dersom ein ynskjer ein mindre båt er Linder 410 eller AluMarine 12 fot alternativ.

### **Lavvo i Grøndalen**

Lavvoen i Grøndalen er no heilt øydelagt, og det må kjøpast ny viss fjellstyret framleis skal ha dette overnattingstilbodet tilgjengeleg.

Pris på lavvo varierer med kor stor og solid lavvoen skal vere. Ein kan få svært robuste lavvoar viss ein betalar mykje (20-25.000,- og oppover). Eit rimelegare alternativ er einstongslavvoar. Aktuell modell: <https://www.arcticlavvo.no/produkt/63157877/venor-enstangslavvo-4-6-farge-fersken-> Prisen for denne (4-6 personar) er 15.600,-

Fjellstyret må ta stilling til om det skal kjøpast inn ny lavvo til bruk i Grøndalen. Sekretær vurderer det som problematisk at ein er avhengig av helikopterfrakt tidleg og seint på sommaren for å sette opp og ta heim lavvoen. Dei siste åra har fjellstyret hatt stor byggeaktivitet, som har ført til at det har vore behov for helikopterturar inn tidleg på sommaren. Dei neste åra vil det bli mindre byggeaktivitet, og det vil ikkje vere behov for helikoptertransport til andre føremål. Dersom ein skal nytte helikoptertransport berre for å få sett opp lavvoen, vil det bli ein stor kostnad for eit tilbod som blir lite brukt. Ein kan og diskutere om det å nytte helikoptertransport for å sette opp ein lavvo er rett signal å sende ut.

Kan fjellstyret tenke alternativt rundt lavvo i Grøndalen? Sekretær er kjend med at nokre av dei som har nytta lavvoen har hatt med seg eigen lavvo/telt inn for å sikre seg overnattingsplass. Kan det vere eit alternativ å ha omn og ved liggjande i Grøndalen (frakta inn på vinteren), og ha ein lavvo tilgjengeleg for utlån for dei som vil reise inn?

### **Framlegg til vedtak:**

Inga framlegg til vedtak.



**Referat:**

Gjennomgang av behov for innkjøp av inventar til naustet. Det blir kjøpt inn gasskomfyr og anna naudsynt utstyr. Ragnar og Jørund tek seg av dette.

Det blei teke opp om det er aktuelt med ein dugnadstur blant styremedlemmene i samband med riving av det gamla naustet. Det var interesse for dette. Aktuelle helger er i slutten av mars-månadsskiftet mars-april.

Det var semje om å kjøpa to nye båtar til Nedsta Krokavatnet. Sekretær tingar to stk. Viking 440 inkludert årer.

Det var semje om å ikkje kjøpa ny lavvo til bruk i Grøndalen. Stenger og omn som ligg i Grøndalen blir teke heim i vinter. Det blir opplyst på heimesida om at det ikkje står lavvo i Grøndalen frå no av.

**Vedtak (sak UFS 03/19):**

Fjellstyret kjøper to stk. Viking 440 inkludert årer.

Andre innkjøp med meir blir gjennomført i tråd med referatet.



## UFS 04/19: Do på Hansbu: Drøfting om moglege løysingar

### Saksdokument:

### Saksutgreiing:

Fjellopsynet bygger do på Hansbu for fjellstyret, og ynskjer å lufte nokre tankar om moglege løysingar:

- Skal bygget ha tretak? I vilkåret frå Fylkesmannen er det sett krav om tretak eller shingel. Shingel er enklare å få tett og meir haldbart ift solpåverknad. Sidan det er eit kaldt bygg vil det heller ikkje bli problem med ising i taket (manglande lufting).
- Skal det monterast vinddreven avtrekksvifte over tak eller ut i vegg? Det er ikkje heldig å ettermontere vifte pga problem med takgjennomføring - bør monterast når ein legg taket.
- Ein vil tilrå at ein nyttar trykkimpregnert dobbeltfalsa kledning som får ein naturleg gråning i staden for beising. Beising vil gje eit tilnærma årleg behov for vedlikehald. Dette slepp ein ved bruk av trykkimpregnert. Det er opna for dette i løyvet frå FMH.
- Skal alle innvendige veggjar panelast? Me ser for oss å berre panele eine sida av deleveggane, og ikkje resten (ytterveggjar, andre sida av deleveggane og tak).
- Tømeordning: Det har vore snakk om å bruke ein kagge som ein må tømme. Sekretær tilrår ikkje dette. Alternativet er å montere ei rist i botnen, slik at det våte renn gjennom, og spa ut det tørre. Dette er denne løysinga som blir brukt på andre fjellstyrehytter, og større hytter (turisthytter mm). Med tre båsar har ein og moglegheit til å stenge av ein av båsane, slik at massen får kompostert seg før det skal tømast. Det som er viktig er at det er ei løysing som kan handterast av ein person. Ein kagge vil fort bli for tung og uhandterleg for ein person. Ordninga med å spa ut massen frå ei rist i botnen verkar uproblematisk. Trillebår er det allereie på Hansbu.

### Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

**Referat:**

Dei ulike momenta blei gått gjennom. Det var semje om fyljande løysingar:

- Tretak
- Vinddreven avtrekksvifte over tak
- Trykkimpregnert kledning
- Panel på alle innvendige veggjar og tak
- Tømeordning som skildra av seretær i saksutgreiinga

**Vedtak (sak UFS 04/19):**

Fjelloppsynet tek med seg signala frå fjellstyret, og gjennomfører bygginga i tråd med ynskja frå fjellstyret.

**UFS 05/19: Fjellstyrestruktur etter ny kommunestruktur****Saksdokument:****Saksutgreiing:**

Jf. sak 38/18 på førre møte blei det teke initiativ til å greie ut ein del problemstillingar rundt fjellstyrestrukturen etter kommunesamanslåinga. Det blei halde eit møte med ordførarane frå dei tre kommunane og rådmann i den nye kommunen føre jul. Det blei konkludert frå leiaren i fellesnemnda med at fellesnemnda skulle stå for vidare utgreiing. Leiaren i fjellstyret har tidlegare sendt ut info om dette møtet på e-post til fjellstyremedlemmene.

Fjellstyret må ta stilling til eventuelt vidare arbeid med denne saka.

**Framlegg til vedtak:****Referat:**

Steinar Langesæter orienterte frå møtet med ordførarane 10. desember. Konklusjonen frå leiar i fellesnemnda var at fellesnemnda tek seg av vidare utgreiing av framtidig fjellstyrestruktur.





Måtar å kome fram til ei løysing der alle partar kan vere nøgde etter kommunesamanslåinga blei diskutert. Det er framleis usikkert kva som blir gjort av utgreiing fram mot kommunesamanslåinga, og det er difor semje om å avvente vidare arbeid med saka inntil vidare.

### **Vedtak (sak UFS 05/19):**

Fjellstyret avventar vidare utvikling, og tek saka opp på nytt på eit seinare møte.

### **UFS 06/19: Eventuelt**

#### **CWD-problematikken:**

Ragnar informerte frå eit møte villreinutvalet har hatt med Mattilsynet om cwd-problematikken. Det er gitt signal frå Mattilsynet om behov for eit høgt jaktuttak dei neste åra. Aktuelle tiltak for å bidra til høg fellingsprosent, som samjakt og oppheving av fredingssoner mot slutten av jakta, blei diskutert. Det var positiv innstilling i fjellstyret til å gjennomføra slike vedtak for å bidra til høg felling.

#### **Forvaltningsmodell Hardangervidda:**

Rapporten «Vurdering av dagens forvaltningsmodell for Hardangervidda nasjonalpark og framlegg til ny modell» utarbeida av Fylkesmannen i Hordaland, Buskerud og Telemark blei diskutert. Det var semje i styret om at dagens forvaltningsmodell fungerer bra. Fjellstyret ynskjer å gje ein uttale til Ullensvang herad og ordførarutvalet rundt Hardangervidda nasjonalpark. Hildegunn Espe lagar eit utkast til uttale som blir handsama i fjellstyret på eit seinare møte.

#### **Bru over Hansbubekken:**

Det er semje i fjellstyret om at det er behov for ei bru over Hansbubekken. Bekken er vanskeleg å krysse ved stor vassføring. Det er semje i styret om at det bør settast opp ei hengebru som blir teken inn kvar vinter (flakane teke inn og wire demontert). Fjellstyret ynskjer at sekretær sender inn søknad om tiltaket, og at det blir søkt Grunneigarfondet om midlar til ei hengebru. Steinar Langesæter og Jørund Kvestad høyrer med Jan Asbjørn Utne om detaljar (konkret løysing og stipulert kostnad).